



Det vart storfangst ved Heio. (Foto: Trond Mathisen)

**Far og son frå Stord – Trond og Terje Mathisen – fekk storfangst i Uskedalselva torsdag føremiddag. Fangsten – og ikkje minst staden den vart gjort på – bør frista fleire.**

Dei fekk ein tert på 1,5 kilo, tre laksar der den største var 4,5 kilo og to sjøaurer på 1,5 kilo.

Trond fortel at fangsten vart gjort like ved Heio.

Det er eit vanskeleg område å fiska i, men samstundes veldig bra. Alle fiskane vart tekne på makk.

Dei mista fleire så det er tydeleg at det står en god del fisk i elva.

Elles vil oppsynsmann Arne Terje Haugland at vi skal formidla ein advarsel på bakgrunn av opplysningar han har fått: Det er ikkje tillete å fiska med anna enn makk, fluge eller sluk i Uskedalselva.

Bli det sett fiskarar som nyttar anna reiskap, ber Haugland om at han får varsel – helst dokumentert med foto.

Av Ola Matti Mathisen



Trond Mathisen med den største laksen på 4,5 kilo. (Foto: Terje Mathisen)